

Innspel til NVE – prisregulering av fjernvarme

Frå Norsk Bioenergiforening (Nobio)

6. mars 2026

1. Innleiing

Norsk Bioenergiforening (Nobio) viser til møte om prisregulering av fjernvarme 6. mars 2026.

Nobio representerer aktørar innan bioenergi og varmeproduksjon, inkludert fleire selskap som leverer grunn-, spiss- og reservelast i norske fjernvarmesystem. Vårt innspel tek utgangspunkt i energisystemperspektivet og investeringsvilkåra for varmeproduksjon.

Vi støttar prinsippet om regulering mot elektrisk oppvarming. Samtidig meiner vi at reguleringa må utformast slik at ho ikkje undergrev investering i fleksibel og robust varmeinfrastruktur.

2. Fjernvarme si systemrolle

Fjernvarme er energiinfrastruktur – ikkje berre ein prisreferanse mot straum.

I mange større nett er produksjonen porteføljebasert, med kombinasjonar av overskotsvarme, bioenergi og andre energikjelder. I mange mindre nett er bio både grunn- og spisslast.

Felles for desse anlegga er at dei:

- avlastar kraftnettet
- bidreg til fleksibilitet i energisystemet
- styrkar lokal energiberedskap

Reguleringa bør spegle denne systemrolla.

3. Endra rammevilkår i energisystemet

Sidan reguleringa vart utforma har energisystemet endra seg vesentleg. Mellom anna ser vi:

- aukande effektutfordringar i kraftsystemet
- ny nettleiemodell med sterkare effektkomponent
- aukande elektrifiseringspress
- eit styrka fokus på beredskap og forsyningstryggleik

Samanlikninga mot panelovn ligg fast, og fjernvarme må vere konkurransedyktig mot elektrisk oppvarming.

Samtidig må reguleringa sjåast i samanheng med dei samla systemverkemidla. Dersom reguleringa skal vere knytt til elektrisk oppvarming, må dei overordna rammevilkåra bidra til at det faktisk er lønsamt å investere i robust og fleksibel varmeproduksjon.

Dette er eit systemansvar.

4. Risiko, føreseielegheit og investeringar

Varmeproduksjon er kapitalintensiv og krev langsiktig føreseielegheit.

Ei for tett og mekanisk kopling til straumpris kan auke både marknads- og regulatorisk risiko for varmeprosjekt. Det kan gi mindre føreseieleg inntening, påverke kapitalkostnaden og dermed redusere tempoet i nye investeringar.

Særleg gjeld dette bioanlegg som ofte fungerer som spiss- og reservelast. Desse har høgare marginalkostnad, men høg systemverdi i periodar med høg belastning.

Små endringar i risikobiletet kan få store utslag på investeringsvilje og finansierbarheit.

5. Næring-til-næring og realisering av prosjekt

Ein del fjernvarmeanlegg – særleg mindre punktanlegg og lokale varmesentralar – blir realiserte gjennom langsiktige avtalar mellom profesjonelle aktørar.

I slike prosjekt tek varmeselskapet ofte ein betydeleg del av investeringskostnaden og risikoen. Dette gjer det mogleg for kunden å få realisert ei varmeløysing dei elles ikkje ville hatt kapital eller kompetanse til.

For små og mellomstore prosjekt kan slik fleksibilitet vere avgjerande for at investeringa i det heile blir realisert.

Nobio meiner at reguleringa bør skilje mellom:

- forbrukarvern
- profesjonelle næringsavtalar mellom partar med jamn forhandlingsstyrke

I reine næring-til-næring-forhold bør det vere rom for kommersielle avtalar som reflekterer investering, risiko og langsiktig samarbeid.

Ei for rigid regulering kan i praksis hindre realisering av mindre varmeprosjekt og dermed svekke utviklinga av lokal og fleksibel energiinfrastruktur.

6. Overordna prinsipp

Nobio meiner følgjande prinsipp bør ligge til grunn for det vidare arbeidet:

Reguleringa må:

- sikre investerings- og finansieringstryggleik
- fungere for både porteføljebaserte nett og reine bio-nett
- skilje mellom forbrukarvern og profesjonelle næringsforhold
- sjåast i samanheng med øvrige energipolitiske verkemiddel

Skal Noreg nå målet om «mer av alt – raskere», må rammevilkåra støtte utvikling av robust varmeinfrastruktur – ikkje gjere henne meir risikabel å bygge.

Avslutning

Nobio ser fram til vidare dialog om korleis prisreguleringa kan utviklast slik at ho både ivaretek kundevern og legg til rette for investering i fleksibel og berekraftig varmeproduksjon.